



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, innvalstelefon
– Rådgjevar Tore Sønnesyn, 57655115
E-post: tso@fmsf.no

Vår dato
24.11.09
Dykkar dato

Vår referanse
2009/2456-3 /350
Dykkar referanse

REFERAT

Telefonmøte i Fylkesberedskapsrådet 24.11.09

Til stades:

Helse Førde:	Bjørn Morten Øen
Sogn og Fjordane fylkeskommune:	Jan Øhlckers og Ove Kristian Lunden
Statens vegvesen:	Nils Magne Slinde
Sogn og Fjordane politidistrikt:	Reinhardt Sørgård og Marianne Nes
Telenor:	Erling Jensen
NRK:	Rolf Sanne-Gundersen
HV 11:	Ove Staurset
Mattilsynet:	Vigleik Skeie
Kystverket Vest:	Terje Alling
Den Norske Kyrkja:	Geir Sørebo
Sogn og Fjordane Røde Kors:	Dag Hovland
KS Sogn og Fjordane:	Olav Lunden
Frå Fylkesmannen:	Oddvar Flæte, Petter Øgar, Haavard Stensvand, Anne Gro Fredheim, Svein Helge Steinsåker, Karin Husabø og Tore Sønnesyn (referent)

Forfall:

NVE	Gunnstein Brakestad
KDS:	Jarle Birkeland
Sogn og Fjordane sivilforsvarsdistrikt:	Gaute Molvær
HV-09:	Helge Orbekk
Brannvesenet:	Magne Igland
NAV:	Tore Thorsnes
Fiskeridirektoratet:	Hans Haddal
Banknæringa:	Arne Furnes
Jernbaneverket:	Lars Stendal

Sakliste:

- 1 **Opning** v/Oddvar Flæte
Orienterte om bakgrunnen for møtet
- 2 **Orientering om situasjonen nasjonalt og regionalt** v/Petter Øgar og Haavard Stensvand

Det ser ut som om vi er over toppen av den første store bølga i Sør-Noreg. Om lag 700 000 har vore sjuke. Situasjonen ser ut til å ha vore handtert relativt problemfritt. Det har vore mange spørsmål knytt til vaksineringa. Vi ser at ein del spørsmål omkring dette, m.a. om fordelinga av vaksinen må evaluerast i etterkant. Alle prioritere



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, innvalstelefon
– Rådgjevar Tore Sønnesyn, 57655115
E-post: tso@fmsf.no

Vår dato
24.11.09
Dykkar dato

Vår referanse
2009/2456-3 /350
Dykkar referanse

grupper har fått tilbod om vaksine. Befolkninga er truleg fullvaksinert ved utgangen av året. Sju-dagars regelen for fråvære er no oppheva. No skal ein vere borte frå jobb/skule til ein er feberfri + 1 dag (unnataket er helsepersonell).

Pandemien har vore ei omfattande arbeidsoppgåve for Fykesmannen. T.d. er 295 postar ført i brevjournalen, og over 210 meldingar i loggen. Informasjonsarbeidet har gått rimeleg bra i kommunane. Har registrert eit visst sprik mellom det kommunane forventar at staten kan bidra med, og det som faktisk er mogleg. Samarbeidet med Helse Førde har fungert godt. Framleis viktig å oppmode folk om å vaksinere seg

3 Situasjonen i etatane

Fylkeskommunen: Hatt større utbrot på to vidaregåande skular. Godt samarbeid med kommunehelsetenesta. Skulane har beredskapsplanar som har fungert godt

SV: Lite sjukefråvære, ingen spesielle problem

Politiet: Har hatt 18 sjuke. Ingen store konsekvensar, men sårbare i forhold til bemanning. Har fått vaksinert deler av mannska. Politiet ønskjer vaksineprioritet, i tråd med det som var planføresetnadane.

Telenor: Ikkje sjukefråvær utover det som er normalt. Har ei pandemigruppe sentralt som følgjer situasjonen

NRK: Nokre sjuke, men ingen problem

HV-11: Litt over norm sjuke mellom fast tilsette. Utfordring med større sjukefråvær på innkalla mannskap

NVE: Har hatt nokre sjuke, men ikkje noko som har gått utover kritiske funksjonar

MT: Ingen spesielle problem

Kystverket: Ingen spesielle problem

Kyrkja: Ingen spesielle problem

Røde Kors: Ingen spesielle problem. Lokallaga har teke kontakt med kommunane og m.a. tilbydd hjelp i samband med vaksininga

KS: Ingen spesielle problem

Helse Førde: Har hatt god oppslutnad rundt vaksinasjonen (75 %). Har større sjukefråvær på grunn av biverknad av vaksinen enn sjølve influensaen

4 Spørsmål/innspel til drøfting og avklaring

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
postmottak@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, innvalstelefon
– Rådgjevar Tore Sønnesyn, 57655115
E-post: tso@fmsf.no

Vår dato
24.11.09
Dykkar dato

Vår referanse
2009/2456-3 /350
Dykkar referanse

KS: Ønskjer at dei nye retningslinjene for sjukefråvær blir kommunisert ut til kommunane. Dette vil bli gjort snarast

Politiet: Skal ein ha 1 eller 2 vaksinedosar? Pr i dag er det 1 dose

5 **Oppsummering/avslutning** v/Oddvar Flæte

Godt samarbeid med Helse Førde. Sjukefråværet er i hovudsak som normalt og ingen kritiske funksjonar er råka. Nokre kommunar har for dårlege rutinar for å rapportere status til Fylkesmannen.